

Fra: "Claus Rumohr Moe" <crmoe@online.no>
Sendt: fredag 31. mars 2023 12.56.44
Til: "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>
Emne: Høyringsuttale saksnummer 202116028

Høyringssvar til Statnett frå Luster bondelag Ny Fortun transformatorstasjon

Regjeringa sin jordvernstrategi, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-200-s-20202021/id2850298/?ch=14> frå 2021 inneholder ei målsetjing om at det maksimalt skal omdisponerast 3000 dekar dyrka jord årleg. Dette målet vert truleg skjerpa ytterlegare i regjeringa sin oppdaterte jordvernstrategi våren 2023. Statsforvaltaren i Vestland har ei fordeling der Luster kommune kan omdisponere maksimalt 12 dekar årleg. Vestland fylkeskommune har eit jordvernål for 2023-2027 på maksimalt omdisponering av 8 dekar pr år for Luster kommune.

Luster kommune sin arealstrategi frå planprogrammet til kommuneplanen seier i fyrste punkt: «Med bakgrunn i globale klimaendringar og matvaresituasjonen i verda, skal det vera fokus på å sikra dei areala i kommunen som er eigna for matproduksjon»

Statnett søker konsesjon for å øydeleggje 22 dekar fulldyrka matjord og 1,3 dekar innmarksbeite. I tillegg vil trafostasjonen gje tilgrensande areal med betydeleg därlegare arrondering. Deler av tilgrensande areal er delvis øydelagt av arkeologiske undersøkingar. Tap av drivverdig areal vert meir enn 23 dekar. Denne plasseringa av ny Fortun trafostasjon vil åleine ta all dyrkamark heile Luster kommune kan omdisponere for 2-3 år!

Midlertidig arealbruk, om lag 23 dekar, skal tilbakeføres til opprinnelige terrenge. Noko areal skal tilretteleggast for å bli ny dyrka mark eller innmarksbeite. Bondelaget set stor pris på vilje til slike tiltak men har ikkje erfaring med at slikt areal blir av same kvalitet som urørt areal med gammal matjord. I Linja sin konsesjonssøknad for oppgradering av 132kV nettet syner budsjettet ein kostnad for grunnarbeid på 2,2% av totalkostnad. Statnett sin konsesjonssøknad er utan budsjett men Bondelaget trur Statnett ved å legge litt meir i grunnarbeidet kunne finne ei betre løysing enn den omsøkte med tanke på jordvern.

Dyrka mark som dei 22 dekar som vert øydelagt i Statnett sin konsesjonssøknad er matjord av beste sort. Denne jorda er i seg sjølv eit kulturminne og burde vore verna. Dyrka mark som ligg høgre enn dalbotnen er mindre utsett for nattefrost. Slik jord har blitt verdsett og dyrka mat på i 2000, kanskje opp mot 4000 år. Dei arkeologiske undersøkingane bekreftar dette.

Bondelaget meinar at de må finne ei plassering av trafostasjonen som ikkje øydelegg dyrka mark. Dersom det ikkje vert funne eit betre alternativ, må plasseringa av trafostasjonen justerast slik at restareal får ein best mogeleg arrondering. Delvis utgravde kokegropar og stolpehol må gravast ferdig, estetiske knausar må prioriterast lågare enn dyrka mark og nabogrenser må justerast slik at dette arealet blir attraktivt å drive jordbruk på også i framtida.